



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 25.10.2018  
Vår ref.: 2017/2779-35  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.:

## Fråsegn - Områdeplan for Alversund - Lindås kommune

Me visar til tidligare korrespondanse i saka og korrigererte plandokument mottatt 10.10.2018.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

### Løyve til inngrep

I brev datert 18.10.2018 har Riksantikvaren gjeve løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd, med vilkår om arkeologisk utgraving.

I det følgjande vert dei viktigaste punkta i Riksantikvaren sitt brev gjennomgått. Brevet er vedlagt.

Innanfor planområdet er det påvist i alt 11 lokalitetar som er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 § 4 første ledd. Reguleringsplanen er i konflikt med 4 av kulturminna (lokalitetane). Riksantikvaren er rette mynde til å fatte avgjersle om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som vert råka av planen.

Riksantikvaren gjev samtykke til at områdeplanen for Alversund kan godkjennast under føresetnad av at det vert gjennomført ei arkeologisk utgraving av dei råka kulturminna før tiltak i tråd med reguleringsplanen vert realisert, jf. vedlagt kart datert 18. oktober 2018. I samsvar med kulturminnelovas § 10, skal den arkeologiske granskinga bli dekt av tiltakshavar.

Vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, med endeleg kostnader og avgrensing av utgravingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken. Riksantikvaren gjer merksam på at arkeologiske utgravingar normalt berre lar seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar må ta omsyn til dette i vidare planlegging.

Tiltakshavar må varsle Hordaland fylkeskommune i god tid før han ynskjer å realisere tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter fatte vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket kan klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

I følgje budsjett frå Universitetsmuseet i Bergen, er ei utgraving av gjeldande kulturminne, id 148458, 129905, 129906 og 129907 rekna å koste inntil kr 1 326 736,- (2018- kroner og satsar). Riksantikvaren vil sjå nærare på framlegget til budsjett og arbeidsomfang før vedtak etter kulturminnelova § 10 bli fatta.

Kulturminna, id 148458, 129905, 129906 og 129907, er merka i plankartet som *område for føresegn* med signaturen RpBg (*grense for føresegn i reguleringsplan*) og gjeve nr. #6, #7, #8 og #9.

Føresegna, slik dei er formulert no tilfredsstillar Riksantikvarens krav, men det har snike seg inn ein liten feil i § 11.1.4. Denne må difor bli endra til:

*«Føresegnområde vist med #5 i plankartet skal brukast ved utbygging som mellombels anleggsvei. Dei arkeologiske lokalitetane vist med #6, #7 og #8 langs anleggsvegen skal sikrast med byggeplassgjerde. Anleggsvegen skal tilbakeførast til opphavsleg stand eller fjernast i samsvar med regulert formål.»*

Den arkeologiske granskinga skal dekkast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10.

Dispensasjonen frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket byggjer på at teksten ovanfor vert teke inn i føresegnene til reguleringsplanen.

Dersom kommunen gir melding om at teksten ovanfor *ikkje* vil bli teken inn i føresegnene til reguleringsplanen, og fylkeskommunen likevel ikkje vil fremje motsegn til planen, må de utan opphøyr varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt fremje motsegn til planen.

### **Merknad frå Universitetsmuseet i Bergen**

I e-post til Riksantikvaren datert 15. oktober ga Universitetsmuseet i Bergen sitt samtykke til kommunens føreslåtte føresegner. Museet vil likevel påpeke betydinga av at kulturminnelokalitetane (**#6, #7 og #8**) vert sikra med byggeplassgjerde når arbeidet med den mellombelse anleggsvegen vert gjennomført.

### **Nyare tids kulturminne**

Hordaland fylkeskommune ga i brev datert 28.05.18 fråsegn med varsel om motsegn, då Fylkeskonservatoren hadde vesentlege merknader til planforslaget. Årsaka var omsynet til kulturmiljøet på Alver gnr. 137, bnr. 690.

Kulturmiljøet på Alver har stor tidsdjupne og består blant anna av grindløe, lemstove og omkringliggjande dyrka mark. I tidlegare planforslag føreslo Lindås kommune å endre kulturmiljøet til ulike føremål, blant anna parkeringsplass, gang- og sykkelsti, kjøreveg og kollektivhaldeplass. I tillegg var lemstova planlagt reve. I varsel om motsegn var det avgjerande for Fylkeskonservatoren at samanhengen mellom bygningane på garden og jordbrukslandskapet blei oppretthalde, fordi det er viktig for opplevinga og forståelsen av kulturmiljøet som heilhet. Lindås kommune har i etterkant revidert reguleringsplanen og vår vurdering er at planforslaget no tek tilstrekkeleg omsyn til kulturminne og kulturmiljø.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld kulturminne. Vi ber om at desse merknadane vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine Taule  
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamar:

Hans-Christian Engum, planseksjonen, REGIONALAVDELINGA  
Sigrun Wølstad, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETSSAVDELINGA

